



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Byrkjelo, 19. juni 2010, kl. 11.00

Sakliste:

1. Bytte av bank
2. Søknader om støtte
 - a. Jamboree 2011
 - b. Rover Moot 2010
 - c. Minifemkamp på Eid
3. Fylkeskulturstøtte
4. Leiarar og leiartilgang
5. Kretsleir 2011
6. Arrangementa til hausten

Referat:

Til stades: Niels, Wenche, Eirik, Mats, Inge, Daniel
(Johan måtte melde avbod.)

Sak 1

Bytte av bank

Niels orienterte om at midla til kretsen no er overførde til Årdal sparebank, slik at det vert lettare å gjennomføre inn- og utbetalingar, i tillegg til at det vert lettare å halde kontroll med kontoane.

Den gamle brukskontoen i Sparebanken Vest finst framleis, i tilfelle feilbetalingar o.l.

Rekningar frå arrangement vart også diskutert, og styret avgjorde at vi set ned betalingsfristen på slike til 14 dagar, som er normalt elles. Styret kjem til å auke fokuset på

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

kontroll av kven som har betalt og ikkje.

Sak 2 **Søknader om støtte**

a. Jamboree 2011

Kretsen har fått søknad frå Sivert Ulltang Birkeland og Rasmus Andersen Hundvebakke frå Førde speidargruppe om støtte til verdsjamboreen i Sverige sommaren 2011.

Tidlegare har det vore gjeve 1000 kr i støtte ved slike søknader.

Vedtak: *Sivert Ulltang Birkeland og Rasmus Andersen Hundvebakke får kvar tilsegn om 1000 kr i støtte til jamboreen i 2011. Støtta vert utbetalt kring 1. mai 2011, med vilkår om at ho vert tilbakebetalt ved ev. avmelding, sjukdom e.l., og at dei gjev ein rapport eller presentasjon på eit kretsarrangement i etterkant.*

b. Rover Moot 2010

Kretsen har fått søknad frå Mats Brunsvik frå Måløy speidargruppe om støtte til Rover Moot-et i Kenya denne sommaren.

Praksis i slike tilfelle har variert tidlegare, og det vart diskutert om deltakarstøtte også skal gjevast til roverar/vaksne. Med bakgrunn i kva kretsen kan få igjen av engasjement frå Mats og den høge totalprisen på leiren (kr 30 000), valde styret å gje Mats støtte.

Vedtak: *Mats Brunsvik får tilsegn om 1000 kr i støtte til Rover Moot 2010. Støtta vert utbetalt omgåande, med vilkår om at ho vert tilbakebetalt ved ev. avmelding, sjukdom e.l., og at han gjev ein rapport eller presentasjon på eit kretsarrangement i etterkant.*

c. Minifemkamp på Eid

Kretsen har fått søknad frå Nordfjordeid speidargruppe om støtte til ein minifemkamp for roverar på Eid helga 24.–26. september.

Styret stiller seg svært positivt til tiltaket, og kretsleiar Niels vil ta kontakt med gruppa for å diskutere nokre av premissa i søknaden, og korleis kretsen best kan hjelpe til. Kanskje er det aktuelt å gjere det til eit kretsarrangement, slik at kretsen

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 92, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

står økonomisk ansvarleg, i staden for pengestøtte?

Sak 3 **Fylkeskulturstøtte**

Kretsen har fått kr 10 000 i støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette er mindre enn tidlegare år, men vi må likevel seie oss nøgde, fordi det er skrenka inn både på kor mange organisasjonar som får støtte, og kor mykje dei får.

Sak 4 **Leiarar og leiartilgang**

Kva er framtida for speidargruppene våre når t.d. eldsjeler reiser vekk for å studere? Kva kan kretsen gjere for grupper i ein slik situasjon? Og korleis sikrar ein kontinuitet i kretsstyret og -arbeidet i åra som kjem?

Spørsmåla er mange, og det er vanskeleg å gje konkrete svar og tiltak. Foreldre vart nemnt som ein viktig ressurs som det kan vere viktig å trekkje med i større grad – vise at å vere speidarleiar ikkje nødvendigvis er så skummelt.

Inge trekte fram *troppshjelpar* som ein tittel ein burde gjeninnføre. Mykje dreiar seg om «ufarleggjering» av leiarrolla når det er snakk om nye personar, og ein slik tittel kunne hjelpe.

Sak 5 **Kretsleir 2011**

Som tidlegare nemnt er det Bakka i Aurland kommune i Sogn som er sett på som aktuell stad for kretsleir i 2011. Niels har vore i kontakt med nokre av grunneigarane, og dei verkar så langt positive. Kretsstyret ynskjer å leggje neste møte til Bakka, både for å synfare området nærare og for å snakke meir med grunneigarane.

Eit aktuelt tema for leiren kan vere vikingar, i og med at det i Gudvangen ligg ein vikinglandsby. Lite er bestemt endå, men dette kan vere noko å sjå vidare på.

Føreslått dato for leiren er *18.–25. juni 2011* – altså frå laurdagen etter skuleslutt.

Sak 6 **Arrangementa til hausten**

3.–5. september: Peffkurs I
Eirik og Inge er ansvarlege. Måløy er aktuelt som stad.
15.–17. oktober: Speidarsamling med JOTA/JOTI

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Den gode, gamle JOTA/JOTI-samlinga står på plakaten også i år, og det vert truleg mykje folk. Vi var svært nøgde med Teigen som stad sist, og vil ha det der også i år. Inge tek kontakt om leige av Teigen og med radioamatør Reidar. Daniel har kanskje ei moglegheit til å få til segling som aktivitet.

Norsk grunnkurs i fyrstehjelp
Det er også oppført fyrstehjelpskurs på arrangementsplanen for hausten, og viss vi får det til, vil vi samlokalisere det med peffkurset.

Møtet slutt kl. 14.30.

Referent:

Eirik Ulltang Birkeland

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 92, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no